

Fakultet og einingar
Lag og foreiningar

Utlysing av UiT sine prisar for 2019

Styret ved UiT Noregs arktiske universitet deler kvart år ut desse prisane:

- Formidlingsprisen
- Forskings- og utviklingsprisen
- Utdanningsprisen
- Likestillingsprisen
- Innovasjonsprisen
- Pris til yngre forskar

Prisane er ei påskjønning som skal stimulera til auka innsats, vera til inspirasjon for prisvinnarane og fagmiljøa deira og stø opp under gjeldande strategi og strategiske satsingsområde. Kvar pris er på 50 000 kroner.

Vi lyser med dette ut prisane for 2019. Nominasjonsfristen er måndag 17. juni 2019. Send nominasjonar til Universitetsdirektøren v/Avdeling for forskning, utdanning og formidling (FUF) på ein av desse måtane:

- Ekstern post: FUF, Administrasjonsbygget, UiT Noregs arktiske universitet, Postboks 6050 Langnes, 9037 Tromsø
- Internpost: FUF, Adm.
- E-post: olaug.husabo@uit.no
- ePhorte 2019/1994

Prisane skal etter planen delast ut i slutten av september, i samband med Forskingsdagane 2019.

Vi ber dykk formidla denne informasjonen til alle tilsette og studentar. Sjå vedlagde statuttar og forslagsskjema for nærare informasjon om dei ulike prisane og krav til nominasjon dokumentasjon,. Informasjonen ligg også på uit.no/priser. Eventuelle spørsmål kan rettast Olaug Husabø, FUF, jf. e-postadresse over.

Vennleg helsing

Anne Husebakk
rektor

Jørgen Fosslund
universitetsdirektør

Vedlegg: Statuttar og nominasjonsskjema

Saksbehandlar: Olaug Husabø